

Bringedal takkar av i Baronistyret.

21.02.2016



Åse Kleveland takkar Kristian Bringedal for lang og god innsats i Baronistyret.

**Sist veke hadde styret for Baroniet Rosendal styremøte i Oslo. I møtet takka Kristian Bringedal for seg etter at han har representert kommunen siden 2002. Bakgrunnen for at han no sluttar av, er at dette er eit verv som er knytta til stillinga som kultursjef, og Bringedal går som kjent over i pensjonistane sine rekkr til sommaren.**



Kristian Bringdal takkar for seg under styremøtet sist veke.

Kommunen har to representantar i styret for Baroniet Rosendal, ein frå administrasjonen, og ein politisk vald. Bringdal har vore administrativ representant i 14 år medan Øyvind Lernes møtte i sitt første styremøte som politisk vald representant. I tillegg er Hordaland fylkeskommune representert med Benthe Bondhus. Resten av styret representerer eigaren, Universitetet i Oslo, og mellom dei er Egil Myklebust som har sterkt tilknyting til Uskedalen.

Kristian Bringdal fortel at det er 2 formelle styremøte kvart år. Desse er i Oslo. I tillegg er det kvar sommar ei styresamling i Rosendal. Denne er i samband med ei kunstutstillingsopning, ein konsert eller ei anna stor tilskiping på Baroniet.

I styret har Bringdal samarbeidd med mange kjende personar. Den profilerte H-politikaren Inge Lønning sat i styret i mange år fram til han døydde. Det mest kjende namnet i noverande styre er Åse Kleveland. Bringdal understrekar at han gjennom styrevervet har fått oppleva å samarbeida med mange interessante menneske, og han har fått delteke på mange store markeringar. For han har det også vore svært interessant at han i samband med styremøta i Oslo har fått besøkja mange kulturhistoriske bygg som UiO eig.

Han seier at han i større grad har engasjert seg på museumsida enn på eigedomssida i styrearbeidet. Han syns

det har vore svært kjekt og gjevande å følgja med på den positive utviklinga som Baroniet har hatt fram til den kulturinstitusjonen på høgt nasjonalt nivå, med eit fantastisk program, slik det er i dag.

Kommunen gjev eit årleg driftstilskot på 600.000 kroner til Baroniet Rosendal. I tillegg gjev dei eit mindre tilskot til kulturprogrammet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Benthe Bondhus.